



# SMØRBUKK- KAPPLEIKEN

17. MARS 2012

Sogn og Fjordane Folkemusikklag ønskjer velkomen til  
Smørbukk-kappleiken 2012

Kvar: Mo og Jølster vgs. (tidl. Mo Jordbruksskule)

Dato/tid: laurdag 17. mars kl. 12.00

Smørbukk-kappleiken er ein uformell arena der barn og unge får synge, spele og danse for kvarandre, og møte andre unge i fylket med same interessen.

På Smørbukk-kappleiken er det plass til alle, uansett nivå! Alle som deltek får Smørbukk-karamellar i premie. I tillegg vil det vere ein eigen jury som kårar Årets Smørbukk - ei utmerking til den/dei som utmerkjer seg på ein positiv måte i høve til formidling, kreativitet og musikalsk innleving.

**Elles oppmodar vi alle om å tenkje kreativt og ta med godt humør! For det er slett ikkje utenkjeleg at det vankar nokre ekstrapremiar til nokon som fortener det :)**

Program:

12.00 - 12.45	Registrering, felles dans, leik og moro.
12.45 - 14.00	Smørbukk-kappleiken
14.00 - 15.00	Middag
15.00 -	Smørbukk-kappleiken held fram

*Deltakaravgift for Smørbukk-kappleiken er kr. 160 / kr. 130 (medl. i lokallag/Folkemusikklaget)*

*Det er lagt opp til middagspause i kappleiken. For deltakarane er middagen inkludert i deltakaravgifta. Foreldre og andre får kjøpe mat til ein rimeleg pris.*

*Kafeen vert open frå klokka 12.30, og der kan ein få kjøpt rundstykke, kaker og kaffi.*

Smørbukk-kappleiken er sponsa av Norsk Barneblad og Førdefestivalen.

Påmelding til Sogn og Fjordane Folkemusikk innan 1. mars.  
post@folkemusikklaget.no | www.folkemusikklaget.no